TEATER VESTLAND



# Jenta med fyrstikkene

AV **H.C. ANDERSEN** REGISSØR **MIRIAM PRESTØY LIE**
DRAMATURG **CECILIE GRYDELAND LUNDSHOLT** VISUELT UTTRYKK **SYNNØVE RINGDAL**
KOMPONIST, MUSIKKPRODUKSJON OG LYDDESIGN **THEA HJELMELAND**
LYSDESIGNAR **KRYSTIAN MYSKA** OMSETJAR **TERJE LYNGSTAD**
MEDVERKANDE **CARINA FURSETH**, **IDUN LOSNEGÅRD** OG **KYRRE EIKÅS OTTERSEN**








# Jenta med fyrstikkene

**Har du høyrt eventyret om den vesle jenta som vandrar berrføtt rundt i snøen ei nyttårsaftan og sel fyrstikker? I så fall gløymer du henne aldri.**

H.C. Andersens eventyr "Piken med svovelstikkene" er eit av dei vakraste og såraste eventyra vi har, ein udødeleg klassikar for barn. Eventyret er frå ei anna tid, men det er like opprørande i dag: Kvifor er det ingen vaksne som hjelper jenta? Kvifor går dei berre forbi, korleis kan dei tole det?

I vår versjon "Jenta med fyrstikkene" inviterer vi barn inn i ei nær, sanseleg og fantasirik teaterverd. Idun Losnegård og Kyrre Eikås Ottersen speler to forskjellige arketypar i vaksenverda; den som vil beskytte barnet mot sanninga, og den som synest det er viktig å snakke om det vanskelege. Små barn har stor sans for rettferd, og dei forstår godt at eventyret handlar om nestekjærleik. Det er julas bodskap, det, og få juleforteljingar stikk djupare i oss enn denne. Jenta blir spelt av Carina Furseth. Ho er nysgjerrig, empatisk og tenkande – som ungar flest – og aksepterer ikkje utan vidare det dei vaksne fortel henne. Opplevinga av eventyret blir sterkare fordi vi får sjå det med barnets blikk.

Familieframsyninga høver for alle frå 5 år og oppover.
Lengd: 45 min

## TURNÉPLAN

| | |
|---|---|
| 5.11 | Førdehuset |
| 6.11 | Førdehuset |
| 7.11 | Førdehuset |
| 10.11 | Stryn kulturhus |
| 11.11 | Nordfjordeid, Valhall |
| 12.11 | Sandane, Trivselshagen |
| 13.11 | Høyangerhallen |
| 14.11 | Årdal samfunnshus |
| 17.11 | Kulturhuset Husnes |
| 18.11 | Bømlo kulturhus |
| 19.11 | Åsane kulturhus |
| 20.11 | Åsane kulturhus |
| 21.11 | Voss, Gamlekinoen |
| 23.11 | Aurland Samfunnshus |
| 24.11 | Sogndal kulturhus |
| 25.11 | Sogndal kulturhus |
| 26.11 | Florø kulturhus |
| 27.11 | Dale, Fjalerhallen |
| 28.11 | Dale, Fjalerhallen |
| 4.12 | Førdehuset |
| 11.12 | Førdehuset |

**BILLETTAR:** teatervestland.no eller ditt lokale kulturhus

2021 / Grafisk: Univerket · Illustrasjon: Eva Meier · Foto: Espen Nyttingnes · Trykk: Printfarm

Bevaringssamlingen
Jenta med fyrstikkene
22g027776